



Me er framleis blåøygde.

Temaet for føredragskroa er denne gongen "kven har makt i 2017?", og fyrste kvelden var vigd kven som styrer når det kjem til forvaltning av miljø, og korleis makta vert utøvd. I løpet av 3,5 timar fekk rundt 30 frammøtte servert ein del tankevekkjarar.

Kveldens møteleiar, Torstein Monsen ynskde velkomen, og etter ei stutt innleiing ga han ordet til høgsterettsadvokat Pål W. Lorentzen, som ga eit innsyn i status i høve til klimamål globalt, dei ulike scenaria me kan enda i i høve til kva tiltak som vert sett i verk, og kven som ser ut til å "styra ståket" når det kjem til stykket.

Lorentzen er talsmann for naturen og det fornuftige ved å handla etter føre var-prinsippet. Han ga eit dystert bilete av kva me kan ha i vente dersom me held fram med å sova. Sjølv om klimaspørsmål har kome høgare og høgare på den politiske dagsordenen både nasjonalt og internasjonalt, har det kome lite konkret ut av ulike møte, konferansar og freistingar på å koma fram til internasjonale forlik. Dette kan nok skuldast manglande politisk vilje og evne til å ta konsekvensane, men mykje talar og for at dei store næringsaktørane har mykje av styringa av agendaen. Noreg har gjort seg svært avhengig av oljeindustrien, og dette har ført til at denne næringa har makt til i stor grad å styra korleis agenda skal setjast. Noreg som nasjon står for ein svært liten del av den globale CO₂-produksjonen. Olja og gassen me eksporterer, gjer likevel at mykje meir av totalt produsert CO₂ i verda er av norsk opphav. Lorentzen viste attende argumenta styresmaktene nyttar for fortsett hovudsatsing på produksjon av norsk olje og gass.

Ein påstand som er i ferd med å gjera seg meir og meir gjeldande: Dei framtidige vinnarane på energisektoren vil verta dei som i tide har satsa på alternative energiformer og meir effektiv bruk av den fornybare energien me har. Tung satsing på gamal energiteknologi vil gjera at me står att på perrongen når dette nye om ikkje lenge har utkonkurrert det gamle også på pris.

I 1992 fekk me ein ny paragraf i Grunnlova (§ 112), og denne gjev styresmaktene ei juridisk plikt til å sikra eit helsesamt miljø og ein natur der mangfald og produksjonsevne vert halde ved lag. Våre etterkomarar er og tekne med som rettshavarar til dette. I 2014 fekk paragrafen i tillegg ein ny lekk som spesifikt pålegg styresmaktene å setja i verk naudsynte tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane. Greenpeace og nokre til

har forholdsvis nyleg meldt staten for brot på denne paragrafen med si handtering av oljepolitikken i nordområda. Det vert spanande å sjå kva lagnad denne meldinga får. Vil rettsapparatet i det heile ta dette opp som sak, og - dersom dette vert gjort - kva vert domen?

Etter ein stutt pause fekk me servert Vigdis Nielsen sin dokumentarfilm om aksjonen mot kraftmastene mellom Sima og Samnanger. Før filmen vart køyrt, fekk me veta at han har vore synt på 14 prestisjetunge filmfestivalar, og har fått mykje omtale. Filmen femna dei fire åra aksjonen vara, og me fekk eit innsyn i spriken mellom kva som eigentleg såg ut til å gå føre seg, og kva styresmaktene (som nok ser ut til å ha sterk styring av media) fekk det til å høyrast ut som overfor publikum. Det kan sjå ut til å ha gått prestisje i prosjektet etter kvart som dei ansvarlege har fått problem med å takla den massive lokale motstanden. Mellom anna fann ein ut at mastene var tinga før vedtak om gjennomføring var fatta.



Panelet: Torstein Monsen (med mikrofon), Synnøve Kvamme (frontfigur i aksjonen), Vigdis Nielsen (filmprodusenten) og Pål W. Lorentzen.

Paneldebatten vart meir eit ordskifte i panelet, godt leia av Monsen som hadde mange vel førebudde spørsmål til deltakarane. Me fekk veta korleis Hardangeraksjonen har fått oppleva ei heilt anna form for utøving av demokrati enn me vanlege blåøygd trur på. Det vart likevel streka under at sjølv om Hardangeraksjonen ikkje venn fram, kan han verta eit negativt døme på ei avslørande tildraging som styresmaktene vonleg vil freista å unngå i framtida. Det har i ettertid kome ein del innrømmingar frå styresmakter og Statkraft som ikkje nett har vorte offentleggjorde med brask og bram. Media har vore svært atterhaldne med å sleppa til synspunkta til aksjonen. Men - merk dykk: Filmen skal synast i NRK om stutt tid. Dette er jo eit positivt teikn, og då kan fleire enn dei som var i Helgheim, få eit lite innsyn i at overflata ikkje alltid syner alt.

Eg veit ikkje om dette er tilsikta, men føredragskroa laurdag avsluttar med Joar Hoel Larsen om president Trump sitt fyrste halvår ved makta i USA. Lorentzen byrja i går kveld med ein ganske godt underbygd påstand om at mykje av politikken (sjølv her til lands) vert sett av dei sterke i næringslivet. Skal det enda med at næringslivet skal få all makt - ialfall på jord?

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland